

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 03.11.2009 kl 13:15 – 17.00 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 072/09 - 079/09

Innkalling til møtet var sendt ut den: 28.10.2009.

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Lars Solheim	Marianne Ulvatn, vara	Vigdis Søvik
Dina Merete K. Dyrhovden	Gunn Haugsdal Asheim, vara	Jon Terje Sætre
Bjørn Egil Nordland	John Torsvik, vara	
Laila Solhaug Reknes	Karstein Totland	
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Liv Oda Dale	<b>Håkon Matre, ordførar</b>	
	Frode Langhelle	
	Wenke Fredheim Ekren	

<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Kari Skår Sørheim, fung.ordf.	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Marit Steinestø, vara	Erlend Kvamsdal, vara	
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Siri Tangedal Kratzmeier	Tore Helland	Per Einar Langhelle

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Rådgjevar Anne Kristin Rafoss og Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedl. møte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Fung. ordførar Kari Skår Sørheim
<b>Utlevert i møtet:</b>	Framlegg til svarbrev til politimeisteren i Hordaland, jfr. skriv 1) under sak Skriv og melding
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	Spørsmål frå Ap om klimaplan for Masfjorden kommune
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	

**Innkallinga vart godkjent.**

Fung. ordførar Kari Skår Sørheim ynskte velkomen til Gunn Haugsdal Asheim som møtte som vara for Høgre for fyrste gong i kommunestyret.

Willy Borge spurde om korleis praksis var med val av varaordførar i denne perioden som ordførar Håkon Matre er sjukemeldt. Bør det veljast ein fast varaordførar i denne perioden eller skal ein velja ein setteordførar frå gong til gong.

Fung. ordførar Kari Skår Sørheim sa at ho ikkje kjenner lovverket godt nok til å svara umiddelbart på dette.

Rådmannen gjorde framlegg om at formannskapet drøfta dette i møtet den 11.11.2009.

Sørheim, gjorde framlegg om at Vigdis Søvik fungerer som setteordførar i dette møtet. Dette vart samrøystes vedteke.

Sørheim gjorde framlegg om at Leila T. Andvik og Bjørn Egil Nordland skriv under møteboka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Sakslista vart godkjent.**

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
072/09	09/731	Godkjenning av møteprotokoll	4
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
073/09	09/730	Skriv og meldingar	5
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
074/09	09/470	Klagesak - Skjelsundet naustområde - naust i rekke - gnr 5/40 til 44 - K-sak 056/09 - 060/09	11
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
075/09	09/492	Bustadfelt Einestrand gnr 59/1 og 59/2 -søknad om finansiering av VA anlegg - vatn - avlaup	19
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
076/09	09/707	Orienteringssak - E39 - Forslag om særskilt fartsgrense på Haugsvær	24
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
077/09	09/623	Framtidig organisering av interkommunalt samarbeid i Nordhordlandsregionen	26
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
078/09	08/629	Oppgradering av økonomisystemet - nytt økonomi- og personalsystem	30
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
079/09	09/631	2.tertialrapport 2009, rekneskapsoversyn for perioden 1.1.- 31.8.09	38

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.11.2009	072/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/731
-----------	---------------------

### SAK 072/09 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 17.09.2009 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-072/09 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 17.09.2009 vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 03.11.2009:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.11.2009	073/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/730
-----------	---------------------

### SAK 073/09 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	09/4366	I	02.10.2009	Polititet v/Ivar Holmaas	Endra opningstid ved Masfjorden avdelingskontor
2	09/4050	I	14.09.2009	Solund kommune	Melding om politisk vedtak om felles politiråd i Gulen - Masfjorden og Solund
3	09/4238	I	01.10.2009	Kontrollutvalet v/Kjell Løvik leiar	Møteutskrift frå kontrollutvalet den 01.10.2009
4	09/4243	I	23.10.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Samarbeidsavtale for styrka satsing på entreprenørskap og lokal næringsutvikling mellom
5	09/4389	I	13.10.2009	ordfører i Moss kommune Paul Erik Krogs vold	Opprop til landets kommuner om å støtta krava frå KS om ein forpliktande opptrappingsplan for
6	09/4453	I	19.10.2009	NGIR	Referat frå styremøte i NGIR den 12.10.2009
7	09/4257	I	23.09.2009	Kommunal- og Regionaldepartement et	Ny forskrift om finansforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
8	09/4468	I	14.10.2009	NAV	Økonomisk rådgivning og gjeldsrådgivning - ansvar og tilgjengelighet
9	09/4503	I	22.10.2009	Regionrådet Nordhordland IKS	Representantskapsmøte i Regionrådet og Nordhordlandstinget 2009 27.11.09
10	09/4507	I	19.10.2009	KS	Lovforslag vedr innskrenking av kommunenes rett il å skrive ut eigedomsskatt

11	09/4509	I	22.10.2009	dagleg leiar Torill Torsvik Størkersen	Protokoll frå generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS den 5. juni 2009
12	09/4534	I	16.10.2009	avd. for helse og inkludering Bergen kommune	Lovfesting av krisesentertilbod - tilbod om kommunesamarbeid
13	09/4602	I	28.10.2009	AV - OG - TIL v/Marte Sletten	Bli med på lokal alkoholforebygging med AV og Til Lokalt
14	09/4603	I	26.10.2009	Lindås kommune	Invitasjon til seminar om ny planlov onsdag 18. nov. 2009

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

### **KS-073/09 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre med desse tillegga:

- **Kommunestyret slutta seg til uttalen frå Masfjorden kommune til Politimeisteren i Hordaland.**
- **Masfjorden kommunestyre støttar krava frå Kommunenes Sentralforbund (KS) om ein forpliktande opptrappingsplan for kommuneøkonomien.**
- **Masfjorden kommune går gjennom og drøftar desse problemstillingane og sender brev til NGIR.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 03.11.2009:**

Fung. ordførar Kari Skår Sørheim gjekk gjennom skriv og meldingar.

#### **Skriv 1) Endra opningstid ved Masfjorden avdelingskontor frå Politiet**

Det vart delt ut framlegg på uttale til Politimeisteren i Hordaland. Sørheim ba kommunestyret gje sitt synspunkt på innhaldet og om dei ville tilføya noko.

#### **Framlegg på uttale til politimeisteren i Hordaland:**

Masfjorden kommune har motteke melding om ny opningstid for Politiet sitt avdelingskontor i Masfjorden.

Den nye opningstida er sett til onsdagar kl. 08.30 til 15.30.

Argumentasjonen som er ført for endring av opningstid er at den er ”naturleg ut frå behov, publikumsbesøk og ei tenleg drift av lensmannskontoret”.

Masfjorden kommunestyret ønskjer å gje uttrykk for at politiet sitt nærvær i lokalsamfunnet er svært viktig. Det gjeld både kontortenester, førebyggjande arbeid, og opplevinga av at politiet er tilstades når noko skjer i lokalsamfunnet.

Masfjorden kommunestyre vil også leggja vekt på politiet sitt viktige bidrag i det tverretatlege samarbeidet i kommunen.

Masfjorden kommunestyre er urolege for utviklinga av polititjenester i kommunen, dette gjeld både nærleik til tenester og rekruttering til politiet.

Masfjorden kommunestyre ber politimeisteren vurdere polititilbodet i Masfjorden kommune på nytt.

### **Vedtak:**

**Kommunestyret slutta seg til uttalen frå Masfjorden kommune til Politimeisteren i Hordaland.**

#### **Skriv 4)**

Samarbeidsavtale for styrka satsing på entreprenørskap og lokal næringsutvikling mellom Masfjorden kommune og fylkesmannen og Innovasjon Norge.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte.

Kommunestyret ga uttrykk for at dette var veldig positivt for Masfjorden kommune.

#### **Skriv 5) Skriv frå Moss kommune**

Moss kommune har teke initiativ om Opprop til landets kommuner om å støtta krava frå Kommunenes Sentralforbund (KS) om ein forpliktande opptrappingsplan for kommuneøkonomien.

Fung. ordførar Kari Skår Sørheim orienterte om oppropet. Fristen var sett til 01.11.2009.

### **Vedtak:**

**Masfjorden kommunestyre støttar krava frå Kommunenes Sentralforbund (KS) om ein forpliktande opptrappingsplan for kommuneøkonomien.**

#### **Skriv 6) Referat frå styremøte i NGIR**

Laila S. Reknes medlem av representantskapet i NGIR, refererte frå saker handsama på møtet. Blant anna dette var drøfta:

- Låssystemet til hyttecontainerane er ikkje godt nok.
- Båtfolket har ingen plass å leggja bosset.
- Har me nok glascontainerar?

Rådmann Lovisa Midtbø sa at dei tinga Reknes tek opp set søkelyset på om me har me fått på plass eit skikkeleg avfallssystem for båtturistar og bilturistar. Dette må Masfjorden kommune gå gjennom og gje tilbakemelding om til NGIR.

Laila S. Reknes sa at må me snarast ta desse spørsmåla opp med NGIR. Det er vilje i NGIR til å betra tilbodet. Dei har ledige containerar.

**Vedtak:**

**Masfjorden kommune går gjennom og drøftar desse problemstillingane og sender brev til NGIR.**

**Skriv 9)****Representantskapsmøte i Regionrådet og innkalling til Nordhordlandstinget 2009 (nytt).**

Kari Skår Sørheim minna om at formannskapsmedlemmene i dei 9 eigarkommunane er innkalla til Nordhordlandstinget den 27. november 2009 på Nordhordland Folkehøgskule. Innkallinga er og sendt direkte til formannskapsmedlemmene. Sørheim oppmoda formannskapsmedlemmene om å stilla på dette møtet.

**Skriv 12) Lovfesting av krisesentertilbod – tilbod om kommunesamarbeid**

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om tilbod frå Bergen kommune.

I frå 01.01.10 har Masfjorden kommune lovfesta plikt til å gje tilbod om krisesenter. Eit samarbeid med Bergen vil kosta 10500 pr år.

**Skriv 13) Bli med på lokal alkoholførebygging med AV og Til Lokalt.**

Marit Steinestø sa at ein må sjå dette i samanheng med MOT og tverrfagleg samarbeid.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at saka vil bli oversendt til tverrfagleg gruppe for vurdering.

**Skriv 14) Invitasjon til seminar om ny planlov 18.nov. 09**

Willy Borge sa at dette er viktig seminar og at heile planutvalet bør stilla på dette.

Fung. ordførar Kari Skår Sørheim oppfordra også kommunestyremedlemene til å melda seg på dette seminaret.

Rådmannen sa at kommunen vil dekke kostnadane for deltaking.

**Påmelding til seminar om ny planlov den 18.11.09 kan gjerast til sentralbordet så føretek vi ei samla påmelding. Seminaret vert halde i kantina i Nordhordlandshallen frå kl. 09.00 til 14.00.**

John Torsvik sa at ein må tenkja heilt nytt når det gjeld arealplanen.

Oppfordrar dei raud/grøne til å ta ei styrking av lokaldemokratiet på dette området opp med sine politikarar i Oslo.

**Orientering frå fung. ordførar Kari Skår Sørheim:**

Det vart halde ekstraordinær generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap den 02.11.09.

Sørheim orienterte blant anna om:

Det vart vedteke forretningsplan. Den vil bli sendt ut til kommunestyremedlemmene snart og intensjonen er at denne saka blir teke opp att i kommunestyret i desember, jfr. vedtak i kommunestyre den 17.09.09 siste avsnitt:

*”Kommunestyret ynskjer å få saka tilbake når det er klarlagt kva GMU AS konkret skal arbeide vidare med og forretningsplan ligg føre.”*



Den 18. februar vil GMU AS innby til ein stor næringskonferanse på i samfunnshuset på Risnes.

### **Spørsmål til kommunestyret frå Laila S. Reknes, Ap:**

I kommunestyret den 15.01.08 bad Masfjorden Arbeidarparti om at blir starta opp arbeid med å utarbeide klimaplan for Masfjorden kommune.

Svaret frå rådmannen var den gongen at ho ville vurdere dette og kome tilbake til kommunestyret med melding om planoppstart og planprosess.

Etter den nye PBL skal alle kommunar ha ein førstegenerasjonsplan innan 01.07.2010.

I kommunal rapport er dette omtalt. Der står det at det tek 6-12 månader å utarbeide ein god plan.

Energi- og klimaplanen er ein handlingsplan for kommune sitt arbeid for energieffektivisering, energiomlegging og reduksjon av klimagassutslepp.

Proessen startar med ein politisk viljeserklæring som fastslår kommunen sin ambisjon.

Planen skal innehalde konkrete tidfesta mål og prioriterte tiltak.

Planen bør ha status om ein kommunedelplan eller temaplan for energi og klima.

Planen skal ha ein tidshorisont på minimum fem år.

Ein energi- og klimaplan bør innehalde fakta og framskrivingar om energibruk og utslepp, samt mål, tiltak og gjennomføring.

I tillegg til politikarar og administrasjon bør lokale energiaktørar, transportselskap og organisasjonar (næringsliv, arbeidsliv, miljø) involverast.

Enova kan gje støtte til utarbeiding av plan og utgreiing av konkrete energiprojekt med inntil 100.000. (300.000 i store kommunar)

Enova held kurs og har laga to rettleiarar. SFT har også laga rettleiarar.

Så langt kan vi ikkje sjå at vi har fått tilbakemelding og spørsmålet vårt er derfor:

**Kor langt er Masfjorden kommune komen i arbeidet med planen? Vil planen bli tatt som ein del av kommuneplanen som er under rullering?**

**Vil Masfjorden kommune få energi- og klimaplan på plass innan 01.07.2010?**

### **Rådmannen svara:**

Rådmennene i Nordhordland har prøvd å få til eit samarbeid kommunane imellom om ein klimaplan, men har ikkje lukkast.

Masfjorden kommune har diverre ikkje kome i gang med klima- og energiplanen.

Klimaplan er viktig, men Masfjorden må kjøpa kompetanse for å få laga ein slik plan.

Rådmannen meiner at denne planen bør prioriterast når framlegget til kommuneplan er klart.

Rådmannen peika på at kommunen har ein begrensa plankapasitet, og at det er ynskjeleg med politisk prioritering av planarbeidet.

## **Munnlege orienteringar om desse tema:**

- **Kommuneplanen v/rådmannen:**

Det kjem stadig nye innspel til kommuneplanen.

Kartverket var ferdig med kartgrunnlag i samsvar med ny planlov 21.10.09, men kommunen vil ikkje få dette verktøyet før i starten av februar. Me vil framleis jobba med kommuneplanen, og fullføra det arbeidet som kan ferdigstillast. Rådmannen vil leggja fram revidert framdriftsplan til kommunestyret i desember.

- **Barnevern v/barnevernsleiar Leila T. Andvik og barnevernskonsulent Kristin Midtgård:**

Barnevernstenesta i Masfjorden er på 1,8 stilling.

Det vart orientert om formål, nasjonale føringar, saksgang og status for barnevernsarbeidet i Masfjorden.

- **Førebyggjande brannvern i kommunale eigedomar v/Leif Atle Træland**

Det vart stilt spørsmål til Træland etter orienteringa.

Sørheim takka Træland for ei god orientering.

### **Røysting:**

**Skriv og meldingar vart samrøystes teke til orientering med tillegg.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	20.10.2009	064/09	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	03.11.2009	074/09	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-5/44, N-504	Arkivsaknr.: 09/470
----------------------	---------------------

### SAK 074/09 - KLAGESAK - SKJELSUNDET NAUSTOMRÅDE - NAUST I REKKE - GNR 5/40 TIL 44 - K-SAK 056/09 - 060/09

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av forvaltningslova § 32, vert klage på kommunestyrevedtak 056/09, 057/09, 058/09, 059/09 og 060/09 ikkje tatt til følgje.

#### Grunngjeving:

Kommunestyret kan ikkje sjå at klagar har tilført saka nye opplysningar som skulle tilsei ei omgjering av vedtaka i tråd med klagar sine ønskjer. Kommunestyret presiserer at føremålet med opphevinga av desse ugyldige vedtaka er at saka skal handsamast på nytt slik at lovleg vedtak kan fattast.

Følgjande vedtak vert difor oppretthaldne:

KS-056/09

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 023/08 oppheva.

KS-057/09

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 019/08 oppheva.

KS-058/09

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 021/08 oppheva.

KS-059/09

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 020/08 oppheva.

KS-060/09

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 022/08 oppheva.

Grunngjeving: (lik for alle vedtaka)

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit uloveleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

**Finansiering:** Ingen kostnad

**Heimel:** Forvaltningslova og plan- og bygningslova

**KS-074/09 VEDTAK:**

I medhald av forvaltningslova § 32, vert klage på kommunestyrevedtak 056/09, 057/09, 058/09, 059/09 og 060/09 ikkje tatt til følgje.

**Grunngjeving:**

Kommunestyret kan ikkje sjå at klagar har tilført saka nye opplysningar som skulle tilsei ei omgjerung av vedtaka i tråd med klagar sine ønskjer. Kommunestyret presiserer at føremålet med opphevinga av desse ugyldige vedtaka er at saka skal handsamast på nytt slik at lovleg vedtak kan fattast.

**Følgjande vedtak vert difor oppretthaldne:****KS-056/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 023/08 oppheva.

**KS-057/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 019/08 oppheva.

**KS-058/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 021/08 oppheva.

**KS-059/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 020/08 oppheva.

**KS-060/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 022/08 oppheva.

**Grunngjeving: (lik for alle vedtaka)**

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit uloveleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

**Finansiering:** Ingen kostnad

**Heimel:** Forvaltningslova og plan- og bygningslova

**Det skjedde i Kommunestyret den 03.11.2009:**

Saka vart drøfta.

Willy Borge, Frp, sa seg ugild i saka.  
Det vart samrøystes vedteke at Borge var ugild.

Willy Borge gjekk frå møtet.

Erlend Kvamsdal, Frp, spurde om han var ugild i saka sidan han har bror og mor som er eigar av naust.  
Det vart samrøystes vedteke at Kvamsdal var ugild.

Erlend Kvamsdal gjekk frå møtet.

Saka vart drøfta.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka. Ho presiserte at vedtaka oppheva men ikkje omgjort.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.**

**FUP-064/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

I medhald av forvaltningslova § 32, vert klage på kommunestyrevedtak 056/09, 057/09, 058/09, 059/09 og 060/09 ikkje tatt til følgje.

**Grunngjeving:**

Kommunestyret kan ikkje sjå at klagar har tilført saka nye opplysningar som skulle tilsei ei omgjerding av vedtaka i tråd med klagar sine ønskjer. Kommunestyret presiserer at føremålet med opphevinga av desse ugyldige vedtaka er at saka skal handsamast på nytt slik at lovleg vedtak kan fattast.

**Følgjande vedtak vert difor oppretthaldne:****KS-056/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 023/08 oppheva.

**KS-057/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 019/08 oppheva.

**KS-058/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 021/08 oppheva.

**KS-059/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 020/08 oppheva.

**KS-060/09**

I medhald av forvaltningslova § 35 bokstav c) vert delegert vedtak i byggesak DFUP 022/08 oppheva.

**Grunngjeving: (lik for alle vedtaka)**

Delegert vedtak er ikkje heimla i gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Rådmannen har difor fatta eit uloveleg vedtak. Det omsøkte naustet er bygd i eit byggeområde avsett til naust i gjeldande reguleringsplan og er difor lovleg med omsyn til arealformålet åleine. Utforminga (høgda og altan) er ikkje i samsvar med føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Saka burde difor vore sendt på høyring som dispensasjonssak før det vart fatta vedtak.

**Det skjedde i Fast utval for plansaker den 20.10.2009:**

Willy Borge (FrP9 sa seg ugild i saka og trådde frå. Borge vart samrøystes kjent ugild. Vararepresentant Per Einar Langhelle (V) tok plass ved bordet.

Fungerande ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtekt.

**SAKSTILFANG:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	29.06.2009	Adv. Ove Jan Ommundsen	Masfjorden kommunestyre sitt vedtak i sak 056/09 til 060/09 - bygging av naust i rekke
4	I	08.07.2009	Ivar Duesund	Naust i Skjelsundet
2	U	09.07.2009	Adv. Ove Jan Ommundsen	Stadfesting av motteken klage - vedtak i sak 056/09 til 060/09 - bygging av naust i rekke, Skjelsundet - klaga vert gjeve oppsettande verknad
5	U	17.08.2009	Ivar Duesund	Svar brev dagsett 08.07.09 - Naust i Skjelsundet
6	I	20.08.2009	Ivar Duesund	Klage på sakshandsaming - naust i Skjelsundet
8	I	19.10.2009	Tommie Kvamsdal og Thomas Borge	Epost - uttale ikkje lagt ved sakspapira til Fup
9	U	22.10.2009	Tommie Kvamsdal	Svar på epost i høve sak om naust

**Gnr 5 bnr 40 Agnete F. Kvamsdal / Leif Henrik Kvamsdal (Sak 08/129)**

1	I	13.02.2008	Agnete F. Kvamsdal / Leif Henrik Kvamsdal	Melding om tiltak - bygging av naust - gnr 5/40 - Skjelsundet
3	U	13.02.2008	Agnete F. Kvamsdal / Leif Henrik Kvamsdal	Melding om vedtak - Bygging av naust - Gnr 5/40 - Skjelsundet
8	U	23.06.2009	Agnete F. Kvamsdal / Leif Henrik Kvamsdal	Melding om politisk vedtak – Bygging av naust i rekkje – gnr 5/404 – Skjelsundet – oppheving av byggeløyve

**Gnr 5 bnr 41 Thomas Borge (Sak 08/131)**

1	I	6.02.2008	Thomas Borge	Melding om tiltak - bygging av naust - gnr 5/41 - Skjelsundet
3	U	13.02.2008	Thomas Borge	Melding om vedtak - Bygging av naust - Gnr 5/41 - Skjelsundet
8	U	23.06.2009	Thomas Borge	Melding om politisk vedtak – Bygging av naust i rekkje – gnr 5/41 – Skjelsundet – oppheving av byggeløyve

**Gnr 5 bnr 42 Willy Borge (Sak 08/124)**

1	I	10.02.2008	Willy Borge	Melding om tiltak - bygging av naust - gnr 5/42 - Skjelsundet
3	U	13.02.2008	Willy Borge	Melding om vedtak - Bygging av naust - Gnr 5/42 - Skjelsundet
4	I	13.11.2008	Willy Borge	Søknad om endring av løyve gnr 5/42
5	U	15.05.2009	Willy Borge	Melding om vedtak – Søknad om endring av løyve
8	U	23.06.2009	Willy Borge	Melding om politisk vedtak – bygging av naust i rekkje – gnr 5/42 – Skjelsundet – oppheving av byggeløyve

**Gnr 5 bnr 43 Eva Kvamsdal (Sak 08/127)**

1	I	10.02.2008	Eva Kvamsdal	Melding om tiltak - bygging av naust - gnr 5/43 - Skjelsundet
3	U	13.02.2008	Eva Kvamsdal	Melding om vedtak - Bygging av naust - Gnr 5/43 - Skjelsundet
8	U	23.06.2009	Eva Kvamsdal	Melding om politisk vedtak – bygging av naust i rekkje – gnr 5/43 – Skjelsundet – oppheving av byggeløyve

**Gnr 5 bnr 44 Tommie Kvamsdal (Sak 08/126)**

1	I	10.02.2008	Tommie Kvamsdal	Melding om tiltak - bygging av naust - gnr 5/44 - Skjelsundet
3	U	13.02.2008	Tommie Kvamsdal	Melding om vedtak - Bygging av naust - Gnr 5/44 - Skjelsundet
8	U	23.06.2009	Tommie Kvamsdal	Melding om politisk vedtak – bygging av naust i rekkje – gnr 5/44 – Skjelsundet – oppheving av byggeløyve



## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyrevedtaka i sakene som gjeld oppheving av byggjeløyve for naust i Skjellsundet er påklaga. Vedtaka som er påklaga er:

- KS 056/09
- KS 057/09
- KS 058/09
- KS 059/09
- KS 060/09

Vedtaka er påklaga innan klagefristen og skal difor handsamast i kommunestyret ein gong til.

### FAKTA

Rådmannen har i eige brev stadfesta mottak av klage og gjeve denne oppsettande verknad. Det vart dessutan opna for at alle søkjarane / klagarane kunne kome med sine merknader, jf forvaltningslova § 16, med frist sett til 01.10.2009. Det har ikkje kome merknader innan fristen.

### VURDERING

Klager oppgjev sakshandsamingsfeil og feil rettsanvendelse som hovudgrunnar for klagen.

#### Sakshandsamingsfeil

Klager peiker på at eit opphevingsvedtak er eit einskild vedtak som etter forvaltningslova skal varslast og partane i saka skal få høve til å uttale seg før vedtak vert fatta.

Rådmannen meiner at ein av søkjarane har vore talsperson for alle søkjarane / klagarane samla frå byggesaka starta til rådmannen si saksutgreiing var ferdig skrive.

At søkjarane hadde 1 talsperson oppfattar rådmannen som stadfesta av klagar når ein les i klagebrevet (pkt 2.2) at det i byggesaka var fleire møter med sakshandsamar i kommunen der teikningar og søknad vart gjennomgått. Rådmannen har fått oppløyst frå sakshandsamar at til omtalte møter møtte 1 person som representerte alle søkjarane.

Kommunestyret var sjølv på synfaring på byggeplassen etter at saka hadde vore handsama i kontrollutvalet. Vedtaket frå kontrollutvalet er sitert under:

#### **07/09 Bygging av naust**

Bakgrunn for saka var at medlem i kontrollutvalet hadde registrert at der var bygd fem naust i Skjellsundet som kunne sjå ut til å avvike frå dei krav som er sett i kommuneplan.

Assisterande rådmann og kommunalsjef Olaf Mørch orienterte om saka. Dei nausta som det er gitt tillating til å bygge i Skjellsundet avvik på fleire område i høve til dei krav som er i gjeldande kommuneplan.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret.

Ein av søkjarane / klagarane sit i kommunestyret og får slik utskrift frå protokollen til kontrollutvalet samt at han var med på synfaringa. I etterkant av synfaringa var det møte mellom ordførar, rådmann og ein person frå søkjarane / klagarane (same person som var i

møte med sakshandsamar før det delegerte vedtaket vart fatta). Møtet vart halde på ordførar sitt kontor. Formålet med møtet var å orienter søkjarane / klagarane om korleis kommunen kom til å handsame saka vidare.

Rådmannen meiner difor at ein har informert søkjarane / klagarane sin talsperson i byggesaka før omtalte saker kom opp i kommunestyret. Søkjarane / klagarane har - via sin talsperson – fått høve til å uttale seg før vedtaka vart fatta.

Klager sitt argument som gjeld sakshandsamingsfeil vert difor avvist.

### Feil rettsanvendelse

Klager peiker på at eit omgjeringsvedtak etter forvaltningslova § 35, første ledd, bokstav c, krev at det vedtak som skal omgjerast er ugyldig. Klagar hevdar at dei delegerte vedtaka om løyve til bygging av naust i rekke er gyldige.

Gjeldande reguleringsplan for Skjelsundet naustområde har ikkje føresegner som eintydig seier noko om maks mønehøgde og balkongar for naust så då er det føresegnene for kommuneplanen sin arealdel som gjeld. Dei sistnemnde føresegne er klare på at maks mønehøgde for naust er 5,5 meter og at balkongar er framandelement på naust. Ein byggesøknad som strir mot desse føresegnene, krev dispensasjon og ei slik sak skal handsamast politisk etter at ho har vore sendt på høyring.

Rådmannen held fast på at dei delegerte vedtaka er ugyldige sidan rådmannen ikkje har delegert mynde til å fatte vedtak som krev dispensasjon frå reguleringsplan.

Klager sitt argument som gjeld feil rettsanvendelse vert difor avvist.

### KONKLUSJON

Rådmannen kan ikkje sjå at klagar har tilført nye moment i saka og rår til at kommunestyrevedtaka vert oppretthalde.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.11.2009	075/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 09/492
----------------	---------------------

### SAK 075/09 - BUSTADFELT EINESTRAND GNR 59/1 OG 59/2 - SØKNAD OM FINANSIERING AV VA ANLEGG - VATN - AVLAUP

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alt. 1  
Masfjorden kommune tek på seg VA utbygginga/finansieringa under føresetnad at det vert ført opp minimum 6 bustadhus i feltet. Passerer ein 6 bueiningar i feltet, kan utbyggjarane i tillegg få dra nytte av ordninga med etableringstilskot.

#### Finansiering

Tilknytingavgift vatn og avlaup, samt kommunale avgifter vatn og avlaup dekker kapitalkostnadene kring utbygginga i feltet + kraftfondet og ordninga med etableringstilskot

- Alt. 2  
Ved færre enn 6 bueiningar, går kommunen inn med støtte – basert på ordninga med etableringstilskot, og at feltet legg opp til 18 bueiningar. Då får ikkje utbyggjarane i feltet etableringstilskot.

#### Finansiering

kraftfondet og ordninga med etableringstilskot (jf. tidlegare praktisering av ordninga)

Rådmannen får fullmakt til å avklare kommunal medverknad med utgangspunkt i dei rammene som alt 1 & 2 opnar for – herunder og andre løysingar.

#### Heimel

m.a. vedtekter og retningslinene for kraftfondet

## **KS-075/09 VEDTAK:**

Masfjorden kommunestyre godkjenner fylgjande modellar for kommunal medverknad:

- **Alt. 1**  
Masfjorden kommune tek på seg VA utbygginga/finansieringa under føresetnad at det vert ført opp minimum 6 bustadhus i feltet. Passerer ein 6 bueiningar i feltet, kan utbyggjarane i tillegg få dra nytte av ordninga med etableringstilskot.

### Finansiering

Tilknytningavgift vatn og avlaup, samt kommunale avgifter vatn og avlaup dekker kapitalkostnadene kring utbygginga i feltet + kraftfondet og ordninga med etableringstilskot

- **Alt. 2**  
Ved færre enn 6 bueiningar, går kommunen inn med støtte – basert på ordninga med etableringstilskot, og at feltet legg opp til 18 bueiningar. Då får ikkje utbyggjarane i feltet etableringstilskot.

### Finansiering

kraftfondet og ordninga med etableringstilskot (jf. tidlegare praktisering av ordninga)

- **Rådmannen får fullmakt til å avklare kommunal medverknad med utgangspunkt i dei rammene som alt 1 & 2 opnar for – herunder og andre løysingar.**

### Heimel

m.a. vedtekter og retningslinene for kraftfondet

### Det skjedde i Kommunestyret den 03.11.2009:

**Leila T. Andvik, V**, ba om vurdering av om ho var ugild sidan ho har ein bror som har tomt i bustadfeltet.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det er utbyggjar som har søkt om finansiering av VA-anlegg. Det er ikkje eit enkeltvedtak som gjeld ein tomteeigar. Rådmannen ser difor ikkje at Leila T. Andvik er ugild.

Kommunestyret var samd i dette.

Saka vart drøfta.

**Erlend Kvamsdal, Frp**, stilte spørsmål om dei to alternativa og ba om ei nærare forklaring på skildnaden av alternativa.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om alternativa.

**Vigdis Søvik, Sp**, sa at det er vanskeleg å velja alternativ. Ho gjer framlegg om å gje rådmannen fullmakt til velja det beste alternativet innafor den ramma som er sett og som kjem raskast mogleg i gang. Kommunestyret må så få tilbakemelding om endeleg vedtak.

**Karstein Totland, H,** sa at han er samd med Søvik.

**Dina Dyrhovden, Ap,** støttar Søvik sitt framlegg.

**Willy Borge, Frp,** støttar også Søvik sitt framlegg.

Rådmannen gjorde etter drøftinga framlegg om ein tilleggsetning til sitt framlegg slik:

*Masfjorden kommunestyre godkjenner fylgjande modeller for kommunal medverknad:*

Alt. 1 osv.

Alt. 2. osv.

### Røysting:

**Det endra framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
39	I	09.03.2009	Jon Egil Einestrånd	Søknad om finansiering av VA anlegg - for nytt bustadfelt på Einestrånd gnr 59/1 og 59/2

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

På vegne av grunneigarane for bustadfelt Einestrånd G.nr/B.nr. 59/1 og 59/2 søker Jon Egil Einestrånd om at kommunen står for VA – utbygginga/finansieringa i feltet.

### FAKTA

Søknaden/skrivet frå Einestrånd;

Det føreligg ein godkjend reguleringsplan for bustadfeltet på Einestrånd som ligg dels på gnr 59 bnr1 og gnr 59 bnr 2. Det er imidlertid søkt om endring av avkjørsel og veg inne i sjølve bustadfeltet mot sør-aust, men dette reknar ein med skal verta ordna og godkjend innan rimeleg tid.

På bakgrunn av at planen no er godkjend, vil me no gå vidare med å få fram planar for straum, tele, fiber, vatn og avlaup.

Ut frå tidlegare møter og samtaler ynskjer me no å søkja om at kommunen tar kostnaden med å tilretteleggja for vatn og avlaup til tomtane i bustadfeltet.

På lik linje med tilretteleggja av straum, tele og fiber, ynskjer me vatn og avlaup framlagt til tomtgrense. Me ynskjer også at kommunen tar framtidig vedlikehald mot at kvar og ein betalar dei avgifter som til einkvar tid er gjeldande elles i kommunen.

Bakgrunnen for vårt ynskje er dels at de har vist til eksempel frå andre stader der kommunen har bidratt til etablering av VA anlegg. Den viktigaste grunnen er likevel eit ynskje om eit godt, trygt og stabilt VA anlegg som tilfredstiller alle krav til kvalitet og som vert vedlikehalde etter alle gjeldande krav og forskrifter.

Dette vil sikre god kvalitet noko som er heilt avgjerande. Det er ynskjeleg at VA anlegg vert planlagt i samband med vei, straum, tele og fiber.

Me vonar kommunen stiller seg positiv til denne førespurnaden og me ynskjer at ein får utarbeidd ein plan for fellesanlegg snarast råd. På bakgrunn av at VA anlegg er bestemmande for tracè for fellesgrøfter, må VA planen utarbeidast først.

Dersom det er tilstrekkeleg interesse for kjøp av tomtar, vil me tilretteleggja med veg og fellesanlegg fram til tomtgrense i heile feltet så snart som mogeleg.

Det har vore løpande dialog mellom grunneigar og kommunen, først no i slutten av oktober (27.oktober 09) har vi fått fram kostnader som gjer at vi kan handsama søknaden.

Det er 3 interessentar som har vore på synfaring, og grunneigar har førebels fått inn eit anbod og fleire er på veg. Grunneigar og andre interessentar i feltet ønskjer rask avklaring.

Vi har fått tilgang på anbod og andre pristilbod, og har såleis tilstrekkeleg grunnlag for å ta stilling til søknaden.

Kommunen har etter kvart gitt støtte til ein del bustadfelt – omfang ofte knytt til ordninga med etableringstilskot, men utforminga varierer litt etter lokale behov og utfordringar.

For aktuelle felt er det lagt opp til inntil 18 bueiningar.

## VURDERING

Vurderingane er gjort med bakgrunn i kommunale avgifter 2009;

tilknytingsavgift vatn	13 000
tilknytingsavgift avlaup	13 000
vassavgift	3820
avlaup	2470

og tilgang på talmateriale etter tilbod og anbod

For at kommunen kan ta på seg VA-(vatn & avlaup)utbygginga/finansieringa krev det at minimum 6 interessentar startar med utbygging i feltet. Ein kan såleis gi svar til søkjar med forbehold om volum.

Ved færre interessentar kan ein kople løyvinga knytt til ordninga med etableringstilskot, basert på 18 bueiningar – kommunalt tilskot med 720.000,-, men då kan ikkje utbyggjarane få etableringstilskot.

Kommunen kan gå inn med midlar knytt til ordninga med etableringstilskot omgåande, slik at interessentar som allereie er klar til oppstart kan komme i gong.

Med desse opplysningane vonar ein at grunneigarane eit betre grunnlag for å fastsette tomteprisane og dermed få fortgang i salsarbeidet.

Volum/sal tomtar som fører til bustadbygging avgjer i kva grad kommunen kan imøtekomme søknaden.

## KONKLUSJON

Masfjorden kommune tek på seg VA utbygginga/finansieringa under føresetnad at det vert ført opp minimum 6 bustadhus i feltet. Passerer ein 5 bueiningar i feltet, kan utbyggjarane i tillegg få dra nytte av ordninga med etableringstilskot.

Ved færre enn 6 bueiningar, går kommunen inn med støtte – basert på ordninga med etableringstilskot, og at feltet legg opp til 18 bueiningar. Då får ikkje utbyggjarane i feltet etableringstilskot.

Kommunen kan gå inn med mellombels finansiering i oppstartfasen etter nærare avtale med grunneigar/utbyggjarane (avgrensa til ramma for etableringstilskot (18\*40.000)).

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.11.2009	076/09	Olaf Mørch

Arkiv: N-561.1	Arkivsaknr.: 09/707
----------------	---------------------

### SAK 076/09 – ORIENTERINGSSAK - E39 - FORSLAG OM SÆRSKILT FARTSGRENSE PÅ HAUGSVÆR

#### Rådmannen sitt framlegg til uttale:

- Masfjorden kommune støttar innføring av særskilt fartsgrense , 60 km/t på Haugsvær.
- Masfjorden kommune er svært glade for at Statens vegvesen prioriterer trafikksikring på Haugsvær.
- Masfjorden kommune oppmodar Statens vegvesen om å prioritera reguleringsplanarbeid på Haugsvær slik at ei permanent trafikkløysing kan koma snarast råd.

#### KS-076/09 VEDTAK - UTTALE:

- Masfjorden kommune støttar innføring av særskilt fartsgrense , 60 km/t på Haugsvær.
- Masfjorden kommune er svært glade for at Statens vegvesen prioriterer trafikksikring på Haugsvær.
- Masfjorden kommune oppmodar Statens vegvesen om å prioritera reguleringsplanarbeid på Haugsvær slik at ei permanent trafikkløysing kan koma snarast råd.



**Det skjedde i Kommunestyret den 03.11.2009:**

Saka vart drøfta.

**Laila S. Reknes, Ap**, sette fram slik framlegg med tilleggspunkt:

*Masfjorden Arbeidarparti ber om at rådmannen tek med fylgjande punkt i uttalen til Statens vegvesen i tillegg til det som ligg i saka:*

*Skilting av/med:*

- *"Forbikøyring forbudt"*
- *"Farleg vegkryss" – det gjeld to stader*

*Det må kome opp veglys på strekninga. Det manglar lys ved busskura, der både ekspressbussane og skulebussane stoppar. Dette fører til utrygge tilhøve for dei reisande.*

**Vigdis Søvik, Sp**, hadde og framlegg til tilleggspunkt:

*Masfjorden kommunestyre vil påpeika den vanskelege trafikksituasjonen langs E39 på Haugsvær og ønskjer nærare vurdering av: Forbikøyring forbode i 60 sone, merking /skilting av vegkryss og at her vert montert veglys. Avkøyringsfelt må og vurderast.*

Rådmannen sa at det er fartsgrensa Statens vegvesen har bede kommunen om å uttala seg om i dette brevet.

Kommunen har tidlegare skrive brev til Statens vegvesen om trafikktilhøva på Haugsvær langs E39 og bede om å få ei total trafikkløysing. Me har no fått gehør for å få 60 sone. Det er ein start.

Dei andre punkta det har kome framlegg om i dette møtet vil stå i møteboka under Dette skjedde i møtet og bli tatt opp i følgeskriv til Statens vegvesen.

Laila S. Reknes trekte etter dette framlegget sitt.

**Røysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.**

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.11.2009	077/09	Håkon Matre

Arkiv: N-016	Arkivsaknr.: 09/623
--------------	---------------------

### SAK 077/09 - FRAMTIDIG ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID I NORDHORDLANDSREGIONEN

#### Regionrådet sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommunestyre godkjenner at det interkommunale samarbeidet, som er organisert gjennom Regionrådet i Nordhordland IKS, vert vidare utvikla ved å skilja driftsoppgåver og utviklingsoppgåver i to ulike organ:

#### I Regionrådet Nordhordland (RNH)

Dette er eit politisk samarbeidsråd som er etablert på fritt grunnlag utan eigen økonomi og som **ikkje** er ei eigen juridisk eining.

Ansvarsområdet er vidareutvikling av regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt.

Rådet er samansett av ordførarane i samarbeidskommunane og der rådmenn/ administrasjonssjefar og dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS har møte og talerett.

Det er utarbeidd vedtekter for rådet. (sjå vedlegg 1)

#### II Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)

Selskapet fører vidare den økonomiske og administrative verksemda til tidlegare Regionrådet Nordhordland IKS, og er organisert i samsvar med Lov om interkommunale selskap.

NUI er ei eigen juridisk eining, der representantskapet, som er samansett av ordførarane i eigarkommunane, er øvste organ. Styret er på 3 medlemar og er sett saman av rådmenn, administrasjonssjefar og ass. rådmenn frå eigarkommunane.

Det er utarbeidd selskapsavtale for NU). (sjå vedlegg 2)

2. Masfjorden kommunestyre godkjenner:  
"Vedtekter for Regionrådet Nordhordland" (RNH) og  
"Selskapsavtale for Nordhordland Utviklingsselskap IKS"  
i samsvar med tilråding frå styret i Regionrådet i Nordhordland IKS i møte den 28.08.09, sak 32/09.
3. Masfjorden kommunestyre godkjenner at omorganiseringa av Regionrådet for Nordhordland IKS, vert gjort gjeldande frå 01. januar 2012.

\*\*\*\*\*

#### Finansiering

#### Heimel

**KS-077/09 VEDTAK:**

1. Masfjorden kommunestyre godkjenner at det interkommunale samarbeidet, som er organisert gjennom Regionrådet i Nordhordland IKS, vert vidare utvikla ved å skilja driftsoppgåver og utviklingsoppgåver i to ulike organ:

**I Regionrådet Nordhordland (RNH)**

Dette er eit politisk samarbeidsråd som er etablert på fritt grunnlag utan eigen økonomi og som **ikkje** er ei eigen juridisk eining.

Ansvarsrådet er vidareutvikling av regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt.

Rådet er samansett av ordførarane i samarbeidskommunane og der rådmenn/ administrasjonssjefar og dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS har møte og talerett.

Det er utarbeidd vedtekter for rådet. (sjå vedlegg 1)

**II Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)**

Selskapet fører vidare den økonomiske og administrative verksemda til tidlegare Regionrådet Nordhordland IKS, og er organisert i samsvar med Lov om interkommunale selskap.

NUI er ei eigen juridisk eining, der representantskapet, som er samansett av ordførarane i eigarkommunane, er øvste organ. Styret er på 3 medlemar og er sett saman av rådmenn, administrasjonssjefar og ass. rådmenn frå eigarkommunane.

Det er utarbeidd selskapsavtale for NU). (sjå vedlegg 2)

2. Masfjorden kommunestyre godkjenner:  
"Vedtekter for Regionrådet Nordhordland" (RNH) og  
"Selskapsavtale for Nordhordland Utviklingsselskap IKS"  
i samsvar med tilråding frå styret i Regionrådet i Nordhordland IKS i møte den 28.08.09, sak 32/09.
3. Masfjorden kommunestyre godkjenner at omorganiseringa av Regionrådet for Nordhordland IKS , vert gjort gjeldande frå 01. januar 2012.

\*\*\*\*\*

**Det skjedde i Kommunestyret den 03.11.2009:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.09.2009	Regionrådet Nordhordland IKS	Framtidig organisering av interkommunalt samarbeid i Nordhordlandsregionen

### Vedlegg som ligg ved:

- Vedlegg 1: Vedtekter for Regionrådet Nordhordland
- Vedlegg 2: Selskapsavtale for Nordhordland Utviklingselskap IKS
- Vedlegg 3: Framlegg til sams vedtak eigarkommunane – ny organisering av  
Regionrådssamarbeidet i Nordhordland

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Regionrådet Nordhordland IKS ber eigarkommunane innan utgangen av 2009 å handsama sak om framtidig organisering av interkommunalt samarbeid i Nordhordlandsregionen. Saka utarbeidd av regionrådet.

Det har tidlegare vore oppretta ei arbeidsgruppe for strategiplan prosjektet.

Grappa var:

Håkon Matre, Kari F. Aakre, Kristin Handeland, Helge Thorsen og Jostein Skråmestø.

Arbeidsgruppa har fått i oppdrag å følgja opp det som har vore gjort før saka no har gått ut til kommunane for handsaming.

### HØYRING

### UTTALE

## FAKTA

### **Oppsummering av dei siste vedtaka som er gjort i saka:**

1. Representantskapet vedtar strategiplanen for det interkommunale samarbeid i Nordhordland og ber om at den vert følgd opp med årlege handlingsprogram.
2. Representantskapet gjev prinsipiell tilslutning til oppretting av selskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) som eit framhald av Regionrådet Nordhordland IKS.
3. Representantskapet gjev prinsipiell tilslutning til oppretting av selskapet Regionrådet Nordhordland (RNH) som regionen sitt politiske organ.
4. Representantskapet ber styret senda vedtaka i pkt 2 og 3 til medlemskommunane med tilråding om etablering av dei to selskapa med verknad frå ny kommunestyreperiode i 2011.

## VURDERING

## KONKLUSJON

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.11.2009	078/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-036	Arkivsaknr.: 08/629
--------------	---------------------

### SAK 078/09 - OPPGRADERING AV ØKONOMISYSTEMET - NYTT ØKONOMI- OG PERSONALSYSTEM

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert sett av inntil 1,5 mill.kr. netto i 2010 investeringsbudsjettet til nytt økonomi, løn og personalssystem.

#### Finansiering

500.000 i lån og 1 mill.kr. i fondsmidler

#### Heimel

Eige økonomireglement  
Lov og forskrift om off.anskaffelsar

### KS-078/09 VEDTAK :

Det vert sett av inntil 1,5 mill.kr. netto i 2010 investeringsbudsjettet til nytt økonomi, løn og personalssystem.

Investeringane må legge til rette for at systemet må kunna nyttast i samarbeid med nabokommunar.

#### Finansiering

500.000 i lån og 1 mill.kr. i fondsmidler

#### Heimel

Eige økonomireglement  
Lov og forskrift om off. anskaffelsar

#### Det skjedde i Kommunestyret den 03.11.2009:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om saka.

Kari Skår Sørheim, KrF, gjorde framlegg om ein tilleggssetning til rådmannen sitt framlegg:  
*Investeringane må legge til rette for at systemet må kunna nyttast i samarbeid med nabokommunar.*

John Torsvik, H, spurde om det vart gjort vurdering av leige av tenester i staden for å kjøp inntil ein felles IT-drift for Nordhordland har kome i gang?

Rådmannen svara at det er ingen andre kommunar som kan levera tenester til oss no.

Dina Dyrhovden, Ap, støttar framlegg til vedtak med tilleggspunktet frå Sørheim.

### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggssetning frå Kari Skår Sørheim vart samrøystes vedteke.

## **SAKSTILFANG:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
2	I	06.10.2008	Ergo Group AS	Tilbod på oppgraderingsprosjekt frå AGR 54 til AGR 55 + tilbod på lisensar og tenester for fakturaskanning
3	I	06.10.2008	Ergo Group AS	Pristilbod på AGR Lønn
4	I	06.10.2008	Ergo Group AS	Nytt tilbod - Vedr. priser på AGR lønn, fakturaskanning mv.
6	I	24.06.2009	Masfjorden kommune	Tilbudsopning av 2 innkomne tilbod på Nytt økonomi- og personalsystem
10	I	21.08.2009	Visma	Tilbod fra Visma
14	I	25.08.2009	Halle Nils Ingvald	Forlenga tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon
15	I	25.08.2009	ErgoGroup v/Ottar Sverre Bakken	Stadfesting av forlenget tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon til 5. nov. 2009
11	I	26.08.2009	Visma v/Torbjørn Emblem	Forlenget tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon
13	I	10.09.2009	Visma	Savner info - Tilbud fra Visma
17	I	17.09.2009	Visma v/Torbjørn Emblem	Oppfølging etter demo den 11.09.2009 i Masfjorden kommune.
20	I	18.10.2009	Visma	Avklaringer/oppfølging vedr tilbudet - jf mail av 2.oktober 2009 fra Masfjorden kommune
21	I	18.10.2009	ErgoGroup v/Ottar Sverre Bakken	Innspelt frå ErgoGroup som grunnlag for forhandlingsmøte + oppfølgingspunkter
22	I	25.10.2009	ErgoGroup v/Ottar Sverre Bakken	Oppdatering frå ErgoGroup etter forhandlingsmøtet 21. oktober
27	I	26.10.2009	Visma Unique	Revidert tilbud fra Visma Unique
23	I	26.10.2009	Visma Unique	Revidert tilbud fra Visma Unique
12	I	26.10.2009	Visma	Tilbod fra Visma - med vedlegg bilag 8 A og Bilag 8 B
9	I	26.10.2009	Halle Nils Ingvald	Forlenget tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon
18	U	27.10.2009	Visma Unique	Innkalling til Forhandlingsmøte + oppfølgingspunkt
19	U	27.10.2009	ErgoGroup	Innkalling til forhandlingsmøte +

16	U	27.10.2009	Halle Nils Ingvald	oppfølgingspunkter Svar på - forlenget tilbudsfrist og avtale om dag for presentasjon
24	I	27.10.2009	Halle Nils Ingvald	Ber om stadfesting på forlenga tilbudsfrist på Nytt økonomi- og personalsystem til 1. des.09
25	I	27.10.2009	ErgoGroup	Stadfesting frå ErgoGroup på forlenga tilbudsfrist
26	I	27.10.2009	Visma Unique	Stadfesting frå Visma på forlenget tilbudsfrist på Nytt økonomi- og personalsystem

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Masfjorden kommune nyttar økonomisystemet Agresso (sidan 1997) og lønssystemet NLP frå EDB (sidan 1981). Leverandør av lønssystemet har gitt melding om at systemet ikkje vert vedlikehald og vidareført frå og med 2011, og er den direkte årsak til at kommunen har sett i verk eit arbeid med å sjå på totalløysinga innan fagsystemet for økonomi- og lønssystem inkl. personalmodular.

Arbeidet starta med klargjering og vedtak av formannskapet 16.9. og Kommunestyre 23.9.08.

#### **KS-068/08 VEDTAK:**

**Forprosjekt vert iverksett, saka kjem attende når kostnadsoverslag er på plass.**

Statusmelding i saka framlagt juni 2009 til formannskap og Kommunestyret.

#### **Kostnader:**

Det er sett av 500.000 i økonomiplan med utgangspunkt i skifte av lønssystem. Meldingssak juni stipulerte ei kostnadsramme på rundt 1,2 mill - 1,5 mill.kr. med utgangspunkt i tilsvarende overgangar frå andre kommunar ved totalløysing.

Anbudsopning 24.juni 09, kor det kom inn 2 anbod, mot 11 som hadde registrert interesse for anbudet.

Denne saka er ei rammefinansieringssak.

Avgjerd og val av leverandør må skje innan utgangen av november 2009. Val av leverandør skjer når rammefinansieringa er på plass av rådmannen etter innstilling frå arbeidsgruppa.

### FAKTA

Med jamne mellomrom er det naudsynt med oppgradering av systemet/skifte system og innføring av nye funksjonar for å vere oppdatert og ha best mogleg kvalitetssikring, ressursutnytting og kapasitet. Ei prosjektgruppe har jobba med dette sidan godkjenning av forprosjekt i september 2008.

Intern arbeidsgruppe har vore leia av Trude Tynning Nystrand (ut juni 2009), og elles bestått av Tone Haugsvær (økonomi/fakturering), Laila Ljøen Reknes (løn), Jane Britt Daae (personal) og Nils Ingvald Halle (IKT). Styringsgruppe bestående av rådmann og ass. rådmann. har gått inn i arbeidet til arbeidsgruppa frå anbudsopning 24.6 og vore med på vurdering – evaluering og forhandlingane med aktuelle leverandørar med bakgrunn i at Trude



slutta i jobben som økonomikonsulent i sommar. Ny økonomikonsulent tilsett og starta 12.oktober 09 – og vil få sentral funksjon ved innføring av det nye systemet.

### **Oppgradering av økonomisystemet/innføring av fakturaskanning:**

Innan økonomi er det behov for eit forbetra brukargrensesnittet og system som er betre tilpassa brukarar som nyttar systemet til oppslagsverk (for eksempel leiarar på ulike einingane). Ein viktig del av oppgraderinga er fakturaskanning. Det vil seie at mottekne faktura vert skanna inn sentralt, og dei ulike einingane i kommunen mottek fakturaene elektronisk og tilviser elektronisk.

### **Lønssystemet:**

Kommunen nyttar lønssystemet NLP frå EDB. Det noverande systemet kjem til å fungere i ca 3-4 år til, før ein må skifte system/gå over på ny plattform. Innan lønssystemet er elektronisk registrering av timelister eit svært aktuelt område.

### **Personalsystemet:**

Pr i dag har ikkje kommunen noko elektronisk personalsystem. Ein nyttar sakshandsamingsprogrammet WebSak. Det er behov for eit system som har alle opplysningar om tilsette i kommunen samla på ein plass, sakshandsaming, kompetansekartlegging, historikk, rekruttering, statistikk, HMT.... I tillegg er integriteten mellom personal, løn og økonomi viktig, for å sleppe manuelle dobbeltføringar.

Dette er ei så stor investering at ein kjem inn under Lov om offentleg anskaffelsar, og anbodet har vore ute på Doffin ([www.doffin.no](http://www.doffin.no)).

### **Prosess/Framdrift:**

<b>Tidspunkt</b>	<b>Milepel</b>
<i>Okt. 08 – april 09</i>	<i>Internt arbeid i arbeidsgruppa, inkl. besøk av kommunar som nyttar mest aktuelle løysingar etc. dialog med aktuelle leverandørar m.m.m. – formelle forhold anbod, lov om offentlege kjøp – utarbeiding av anbodsgrunnlag etc.</i>
<i>26.05.09</i>	<i>Tilbodsførespurnad annonsert på DOFFIN.</i>
<i>09.06.09</i>	<i>Siste frist for anmodning om å få tilsendt konkurransegrunnlaget.</i>
<i>12.06.09</i>	<i>Frist for spørsmål i forhold til konkurransegrunnlaget.</i>
<i>17.06.09</i>	<i>Utsending svar på spørsmål til alle deltakarane i prosessen.</i>
<i>24.06.09</i>	<i>Tilbod skal vere innlevert seinast 24. juni 2009 kl 12.00</i>
<i>24.06.09</i>	<i>Opning av tilbod kl 13.00. (Ikkje offentleg opning)</i>
<i>Veke 35/42</i>	<i>Evaluering av innkomne tilbud.</i>
<i>Veke 43/44</i>	<i>Forhandlingar med utvalte leverandørar</i>
<i>Veke 45</i>	<i>Politisk sak – rammefinansiering</i>
<i>Veke 46/47</i>	<i>Innstilling på system/leverandør av arbeidsgruppa.</i>
<i>Veke 48</i>	<i>Val av leverandør.</i>

### **Resultat av anbod;**

Anbodsgrunnlaget la til rette for ei optimal løysing for kommunen med alle ønskelege modular og funksjonar innan økonomi, løn og personal, samt koplingar til andre fagssystem. Kostnadene vart ein del høgare enn det som ein stipulerte i meldingssak juni med ei kostnadsramme i intervallet på 1,2 mill - 1,5 mill.kr. med utgangspunkt i tilsvarande overgangar frå andre kommunar ved totalløysing. Med ein sum estimert reisekostnad som vi sjølve har gjort, vil totalinvesteringa komme på om lag 1,9 – 2,1 mill.kr + årlege vedlikehaldskostnadar.

## Masfjorden åleine vs. samarbeid

Utgangspunktet var ei løysing kor ein såg Masfjorden kommune – og ovannemnde punkt tek utgangspunkt i det. Men vi opna for i anbudsgrunnlaget samarbeid med andre kommunar.

### **Forholdet kring evt. samarbeid er nemt– i tilbodsinstruksen med følgjande innhald:**

*Masfjorden kommune har eit tett samarbeid med dei andre kommunane i regionen innanfor IKT. Alle kommunane er knytte opp i ein felles infrastruktur med fibersamband (levert av BKK) mellom kommunane. Teneste som e-post, internettsamarbeid, kartdata, tilgang frå heimekontor etc. er teneste kommunane i regionen samarbeider om.*

*Kommunane startar i desse dagar eit prosjekt for å etablere ein enda tettare integrasjon som og gjer større moglegheit for samlokalisering av teneste.*

+ at det er teke opp og fokusert på i møter med aktuelle leverandørar.

## Økonomisystem kommunar i regionen nyttar:

Situasjon i kommunemarknaden er at det reelt sett er berre 2 (-3) aktuelle leverandørar innan økonomi, og at desse langt på veg deler kommunesektoren mellom seg. Det er desse to som har lagt inn tilbud til Masfjorden kommune og.

Agresso/Ergo: Radøy, Gulen  
Visma: Lindås, Meland, Fedje, Austrheim, Modalen, Osterøy

## Samarbeid i regionen

Det er ikkje formalisert noko samarbeid i regionen på dette området enno, men tema er under vurdering og utvikling.

## Forhandlingar

Veke 43/44	Forhandlingar med utvalte leverandørar
------------	--

er gjennomført, og har resultert i oppdaterte tilbud pr. 26.oktober 09 med lågare totalkostnad for begge aktuelle leverandørar. Dette er grunnlaget for arbeidsgruppa i sitt vidare vurderingsarbeid som skal munne ut i ei innstilling til val av leverandør – kor følgjande kriteria skal vektleggast.

Evalueringskriterier	Visma Unique			ErgoGroup		
	Score	Vekting	Sum	Score	Vekting	Sum
Samsvar med dei oppgitte krav og spesifikasjonar i grunnlaget	0	2	0	0	2	0
Pris og totaløkonomi	0	30	0	0	30	0
Vedlikehald- og supportkostnader	0	10	0	0	10	0
Teknisk utføring og kvalitet + dokumentasjon	0	20	0	0	20	0
Systemet si brukarvenlegheit/funksjonalitet	0	10	0	0	10	0
Organisering og kvalitet/tilgjengelegheit på support	0	3	0	0	3	0
Integrasjon mot andre fagsystem i kommunen som er oppgitt i kravspesifikasjonen	0	10	0	0	10	0
Kostnader med integrasjon av nytt system	0	15	0	0	15	0
<b>SUM</b>		<b>100</b>	<b>0</b>		<b>100</b>	<b>0</b>

## Avgjerdsfrist

Er løpande justert, og er no sett til 1.desember 2009.

## VURDERING

Det er naturleg å sjå oppgradering av økonomisystemet inkl. fakturaskanning, nytt lønssystem og at kommunen ikkje har noko personalsystem i ein heilheit. Ein felles leverandør er naturleg å føretrekke, har no hatt lang erfaring med fleire leverandørar – som ein vurderer som fordyrande.

Tilboda som vi har fått er langt dyrare enn det vi hadde forventa (men vi har ikkje gjort noko større innan dette området dei siste 7-8 åra) – men kan og ha med tilbodsføresurnaden frå kommunen som la opp til ei optimal løysing kor ein innfrir dei fleste behov og ønskjer.

Ut i frå økonomiplanen, og notat/meldingssak juni 09 med stipulerte kostnader, har ein vurdert om ein skal forkaste anboda ut i frå pris, men etter forhandlingar er investeringskostnadene redusert ein god del, slik at dette ikkje er eit reelt alternativ eller ønskjeleg.

Totalkostnaden med dei 2 alternativa er ganske like, og innsparingspotensialet ved samarbeid med nabokommunar vert og vurdert til om lag same innsparing i sum frå dei 2 aktuelle leverandørane. Det vert vurdert som eit problem at det er få reelle konkurrentar innan området. Men oppbygginga og innhaldet i anboda er svært ulike.

Begge leverandørar tilbyr løysingar som vil gje vesentleg standardheving i høve dei løysingane vi har i dag, samt ei rekkje nye modular. Vi har eit stort behov for å utvikle oss innan ei rekkje områder, og løysingane kan forenkle og automatisere ei rekkje arbeidsoppgåver. Samtidig vil løysinga krevje at vi utviklar oss, får på plass nye rutinar og tek i bruk systemet på ein god måte. Dette krev at vi vektlegg opplæringsdelen ved innføring av nytt system.

Skal ein få ned kostnadene, må det difor skje ved redusert pris på tenester og produkt frå leverandør, eller innhald i dei løysingane vil kjøper. Samarbeid med andre – spesielt opplæringsdelen. Samt innhald av systemet, vi har ein del ”må” modular og funksjonar. Vi har sett litt nærare på ”ønskjelege” modular og funksjonar for å vurdere reduksjon i totalkostnaden, og fokusert på personaldelen.

### «Sdo\_Tittel»

**Modular (eller datavare) for tilsette sine personaldata, lønsutbetalingar og fråver er kjernefunksjonar som ein ikkje kan velje vekk løysingar på. Det same gjeld lønsbudsjet og rapportar, som er integrerte delar av ein lønsmodul.** I grunnlaget for anbodet har me etterspurt tilbod på modular på personalområdet. Desse vert vurdert slik:

#### KOMPETANSE-MODUL

Kommunen treng eit teknisk verktøy for å registrere, handsame og arkivere data om dei tilsette sin kompetanse. I hovudtariffavtalen kom det eit nytt pkt. om kompetanse, som påla kommunane å gjennomføre ei kompetansekartlegging.

Denne kartlegginga gjer me no manuelt med å bruke spørjeskjema på papir og oppsummering i excel. Manuelt vil seie at me seinare ikkje har verktøy til å kople resultat/funn pr. type kompetanse, pr. tilsette, pr. avdeling eller på kommunenivå. Viss me til dømes skulle søkt opp kven som har spesial pedagogikk eller vidareutdanning i matematikk må det gjerast med ein manuell gjennomgang av svara. Oppsummeringa vil gje kvantitative funn som til dømes kor mange har teke etterutdanning, kor mange har hatt verv, kor mange kjenner etiske retningslinjer.

Manuelt er arbeidskrevjande og betyr at me må følgje kartlegginga opp manuelt både når det gjeld å sjå den einskilde og kommunen sin samla kompetanse, og når neste kartlegging skal gjerast.

Ei av målsettingane for gjere ei kompetansekartlegging er å få ein faktisk og samla oversikt over kompetansen til alle tilsette i kommunen. Me vil i løpet av 2009 få ein status på kompetansebehandling. Endringar vil ikkje verte registrert før neste manuelle kartlegging. Med eit elektronisk verktøy vil ein oppdatere data etterkvart. Ut frå kompetansekartlegginga skal det gjerast ei vurdering for kva behov arbeidsgjevar og den einskilde arbeidstakar har, og tiltak kan planleggjast.

### **REKRUTTERINGS MODUL**

Mange arbeidsgjevarar har i dag elektronisk søknadsskjema og handsamar tilsettingsprosessen i eitt og same system. Å kunne søkje ei stilling elektronisk via internett er for mange eit servicetilbod med auka tilgjenge. Dersom innregistrerte data heldt god kvalitet vil personal kunne redusere "skriveoppgåver" når det skal lagast søkjarlister og innstilling. Ved tilsetning vil innregistrerte data (frå søkjarane) kunne verte overført i kommunens personal- og lønssystem, slik at talet på manuelle registreringar går ned. Søkjaren gjer altså ei registrering av data som me slepp registrere seinare.

I 2008 hadde me 25 tilsettingssaker der det kunne vere ei eller fleire tilsettingar i kvar sak. Det søkte frå 1 – 10 søkjarar på kvar stilling, slik at det skriftleg arbeidet er av eit visst omfang. Talet på søkjarar har til no ikkje gjort arbeidsomfanget uoverkommeleg, og ein har hatt ledig kapasitet i tenestetorget til å utføre reine skrivaroppgåver.

### **HMT (helse, miljø og tryggleik) – MODUL**

I samband med revisjon av internkontrollsystemet vårt, er det eit ønskje å ha nytt HMT-system elektronisk, ikkje berre som eit elektronisk oppslagsverk, men at ein kan melde høve t.d. avvik elektronisk og meldinga går til dei rette. Det vil sikre journalføring, arkivering og oversikt. Ingen av leverandørane har slik modul i dag, men begge seier dei (om enn noko utydeleg) kan utvikle delar av det me etterspør.

### **Oppsummert kring personalmodulane**

Alle dei tre modulane vil kunne gje oss meir effektive arbeidsrutinar.

Rekrutteringsmodulen vil vere ei forbetring for søkjarane til stillingane. Kompetanse- og hmt-modulen vil vere verktøy som vil understøtte godt og effektivt personalarbeid for noverande tilsette. Kompetansemodulen er den som kan spare oss for mest manuelt arbeid og gje moglegheiter for å handsame data for kommunen sin samla kompetanse (som me ikkje har med dagens manuelle løysingar). HMT-modulen er uklar og uaktuell på noverande tidspunkt.

Ein ønskjer å gjennomføre ein innføringsprosess som tek høgde for at ein får stetta fleire funksjonar innan personal.

Det er stor skilnad på kva aktuelle leverandørar legg opp til av opplæringstid/dagar. Skifte av leverandør vil gje betydeleg meir opplæringstid, kombinert med omlegging, endring og at ein tek i bruk nye modular (f.eks skule/barnehage) gjer at dette kan gi kapasitetsutfordringar, og at innføringsfasen av nytt økonomi, løn og personalssystem må tilpassast dette.

Arbeidet framover vert å gjere eit val av leverandør etter objektive kriteriar og premisser lagt i tilbudsgrunnlaget. Når val av leverandør er gjort, vil ein gå i nye drøftingar for å minimalisere kostnadene kor samarbeid med andre kommunar vert sentralt.

Finansieringsramme tek utgangspunkt i dei 500.000 som ligg inne i 2010 finansiert med lån. Det ligg inne årleg 500.000 på IKT-investering i gjeldande økonomiplan, dvs. for åra 2011/12. For gjennomføring av investeringa innan økonomi, løn og personal – treng ein 1,5 mill.kr. i 2010. Ser ein økonomiplanen samla for perioden har ein inndekking. Slik

økonomistatus er pr. 3.kvartal '09 ser det ut som at det er rom for å gjere ei avsetjing i 2009 rekneskapen til fond, som ein kan bruke som finansiering av investeringa i 2010 budsjettet. Investeringa vil berøre alle rammeområde meir eller mindre.

## KONKLUSJON

Det vert sett av inntil 1,5 mill.kr. netto i 2010 investeringsbudsjettet til nytt økonomi, løn og personalssystem.

Vedlikehald og driftspostar vert innarbeidd i driftsbudsjettet for 2010.

Investeringa vert finansiert med 500.000 i lån, som er i tråd med gjeldande økonomiplan for året 2010, samt 1 mill.kr. i fond.

Ein vil i samarbeid med valte leverandør og samarbeid med andre kommunar prøve å minimalisere kostnadene, og komme fram til best mogleg løysing for Masfjorden kommune innafor dei rammer som denne løyvingssaka opnar for.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.09.2009	070/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	03.11.2009	079/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 09/631
--------------	---------------------

### SAK 079/09 - 2.TERTIALRAPPORT 2009, REKNESKAPSOVERSYN FOR PERIODEN 1.1.-31.8.09

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. 2.tertialrapport 2009 vert teken til vitring.
2. Utleigebygg Sandnes og Hosteland, sum overføring frå drift til investering med bakgrunn i mva.komp., vert endra til overføring frå drift med bakgrunn i meirinntekter finanspostar og mindre rentekostnad i 2009. Unytta sum i 2009 rekneskapen, skal avsettast til fond, og brukast til finansiering i 2010.
3. Det vert gjort ei avsetjing til fond i 2009 rekneskapen med bakgrunn i meirinntekter, med 3 mill.kr. til bruk i 2010 budsjettet som kompensasjon på reduserte kraftinntekter – konsesjonskraft

#### Finansiering

Budsjettendringane har finansiering

#### Heimel

Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

#### KS-070/09 VEDTAK:

1. 2.tertialrapport 2009 vert teken til vitring.

#### Finansiering

Budsjettendringane har finansiering

#### Heimel

Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

**Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:**

Kari Skår Sørheim hadde permisjon frå møtet i denne saka.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte. Grunnen til at saka vart delt ut i møtet, er at ein ikkje hadde rekneskapstala klare pr 31.08.09 ved utsending av sakspapira.

Sidan kommunestyret ikkje har hatt høve til å setja seg inn i rapporten før møtet, kan saka realitetsbehandlast i neste møte.

Ordførar gjorde framlegg om at ein røysta over pkt 1 i framlegget og tek saka opp til endeleg handsaming i neste møte.

**Røysting:**

**1. tertial 2009 vart samrøystes teken til vitring.**

**KS-079/09 VEDTAK:**

- 1. 2.tertialrapport 2009 vert teken til vitring.**
- 2. Utleigebygg Sandnes og Hosteland, sum overføring frå drift til investering med bakgrunn i mva.komp., vert endra til overføring frå drift med bakgrunn i meirinntekter finanspostar og mindre rentekostnad i 2009. Unytta sum i 2009 rekneskapen, skal avsettast til fond, og brukast til finansiering i 2010.**
- 3. Det vert gjort ei avsetjing til fond i 2009 rekneskapen med bakgrunn i meirinntekter, med 3 mill.kr. til bruk i 2010 budsjettet som kompensasjon på reduserte kraftinntekter – konsesjonskraft**

**Finansiering**

Budsjettendringane har finansiering

**Heimel**

Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

**Det skjedde i Kommunestyret den 03.11.2009:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	16.09.2009	Hofslundsengen Svein-Helge	2.tertialrapport 2009

Rekneskapen pr. 31.08.2009 – ajourført pr. den 11. september 09  
Rapportering frå driftseiningane

## SAKSVEDLEGG:

2.tertialrapport 2009 – eige hefte

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Målet med tertialrapporten er å gje ein statusrapport for den økonomiske stoda, vesentlege utviklingstrekk og synleggjere eventuelle endra tilhøve i forholdet til budsjettet for 2009, for å kunne gjere/føreta nødvendige tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

### HØYRING

E-post av 7.september til driftseiningane og budsjettansvarlege, minner om rapportering pr. 31.8. jf. Økonomireglementet. Rekneskapstala pr. 31.august 2009 er ajourført og ferdigstilt pr. 4. september. Det hastar med rapporteringa (spesielt denne gongen), då sak om 2.tertial skal opp i formannskapet 8. september 09 som orienteringssak og som ordinær sak i Kommunestyret den 17. september 09.

Utdrag frå økonomireglementet følgjer her;

#### PERIODISK RAPPORTERING

Etablert praksis over mange år i Masfjorden har vore at kommunestyret handsamar følgjande rekneskapsrapportar:

1. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.04
2. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.8
3. Årsrekneskapen skal handsamast innan 1. juli.

#### 8.2.1 Innhaldet i rapporten til rådmannen

Tertialrapportane til rådmannen skal ha følgjande obligatoriske innhald:

1. Taldel
2. Kommenterar/vurderingar
3. Evt. tiltak for å rette opp budsjettbalansen
4. Konklusjon/årsprognose



## 1. Taldel

Frå driftsrekneskapen (drifts- og finansieringspostar) skal følgjande rapporterast:

Ansvarsområde	Akkumulert hittil i år			2009		
	Budsjett	Drift	Reelt avvik	Årsbudsjett	Prognose	Avvik
Sandnes barnehage 20102 Lokaler Sandnes barnehage 22102	-	-	-	-	-	-
<b>Resultat/netto forbruk</b>	-	-	-	-	-	-

Tabellen viser 3 avvik:

- ◆ Rapportavvik, dvs. dei avvik rekneskapsrapportane frå økonomisystemet viser
- ◆ Reelt avvik, dvs. avvik etter korrigeringar for feil periodisering og manglande posteringar
- ◆ Prognose for året, dvs. samla reelt avvik for budsjettåret

## 2. Kommenterar/vurderingar

Driftseiningane må kommentera/vurdera:

- ◆ Reelle avvik
- ◆ Evt. differanse mellom rapportavvik og reelle avvik
- ◆ Prognose for årsavvik

Kommentarane skal vere korte og bør seie noko om kor sikre eller usikre vurderingane er.

## 3. Tiltak

Dersom det reelle avviket er stort, må ein gjera greie for tiltak dei vil setje i verk på kort og lengre sikt for å få budsjettet i balanse.

## 4. Konklusjon/årsprognose

Det må her gjerast greie for korleis etaten reknar med at den vil kome ut i høve til gjeldande økonomiske ramme.

## UTTALE

Den løpande rapporteringa frå driftseiningane går bra, spesielt i periodar kor rådmann skal vidare rapportere (tertialrapportar), og tilnærma alle har rapportert med svært kort varsel i samband med 2.tertialrapporten for 2009. Tilbakemeldingane frå driftseiningane vert teke med i vurderingsdelen og tekstdelen til driftsrekneskapen i sjølve 2.tertialrapporten.

## FAKTA

Jf. rapporten/saksvedlegg.

Spesielle forhold investeringsrekneskapen;

- udekket IKT breiband
  - avvik omsorgsbustadar Hosteland
  - avvik/mva.komp utleigebustadar Hosteland og Sandnes
  - avdrag formidlingslån skal først i investeringsrekneskapen, er bokført i drift pr. 2.tertial
  - budsjettkopling overføring frå drift må vere lik sum overført frå drift i investeringsbudsjettet
  - tiltak Kommunale vegar vert i stor grad utført i september, og difor lite bokført pr. 31.8.09.
- 
- udekket IKT breiband

Siste delutbygging breiband vart gjennomført i fjor, med medfinansiering med HØYKOM midlar og midlar Hordaland fylkeskommune, samla eksterne tilskot med inntil 480.000,-, og kor vi hittil har fått ut 428.000 – restsum skuldast at ei faktura mangla ved innrapportering og purring kom først i sommar (opphavleg forfall 24.9.08). Korrigert sluttrekneskap er sendt til Hordaland fylkeskommune og HØYKOM, og ein legg til grunn at resttilskot vert utbetalt og at sum udekket vert eliminert.

- avvik omsorgsbustadar Hosteland  
jf. side 4 i 2.tertialrapport – avvik med kr. 170.000,-

- avvik/mva.komp utleigebustadar Hosteland og Sandnes  
jf. side 4 i 2.tertialrapport – avvik med kr. 260.000,- for Hosteland og 1,5 mill.kr. Sandnes.

### **Bilagskontroll 1. halvår**

Vi har gjennomført bilagskontroll for 1. halvår på stikkprøvebasis. Nedanfor vil vi kommentere nokre moment som krev avklaring.

På teneste 26506-utleigebygg Hosteland, er det i 2009 ført tilsaman kr 950 534 med mva kompensasjon (kode 83). Lov om mva kompensasjon § 4 seier at bygg for sal eller utleige ikkje gir rett til mva kompensasjon med unnatak av omsorgsbustader. Vi ber om å få tilbakemelding på om bokført mva kompensasjon skal tilbakeførast på teneste 26506.

Vi har budsjettert med mva.komp. for utleigebygga, noko vi ikkje er berettiga. Dette må vi rette opp, for utleigebygg Hosteland legg vi til grunn 40% mva.komp, og for Sandnes 0 i mva.komp. og føreslår difor ei budsjettendring på dette området.

- avdrag formidlingslån skal først i investeringsrekneskapen, er bokført i drift pr. 2.tertial – vert retta opp i rekneskapsavslutninga
- budsjettkopling overføring frå drift må vere lik sum overført frå drift i investeringsbudsjettet  
09700 i investering utgjer: 6.209.000  
15700 i drift utgjer: 4.709.000 og  
skuldast finansieringa av utleigebygg Sandnes, og vert justert under føresetnad at pkt. 2 i framlegg til vedtak vert vedteke.
- tiltak Kommunale vegar vert i stor grad utført i september, og difor lite bokført pr. 31.8.09. – planar framover er;

[Utført aktivitet for 2009:](#)

Hosteland - veg 6

250 000

Planlagd aktivitet for 2009:

Asfaltering, Areklettvegen	750 000
Asfaltering, veg til adm. Fløy Nordbygda skule	150 000
Fartsdumper i Skjelsundet (70 000)	30 000
Grøftrens, komm. Vegar	50 000
Grusing, komm. Vegar	100 000
I tillegg kjem:	
Areklett parkering, parkering	50 000
Matresberget	100 000
Kvingedal	100 000

Arbeid forsert i 2010: (tiltaksplanke regjeringa):

Asfalt, Matre	50 000
Asfalt, Solheimslia	150 000
Asfalt, Kalhovda	100 000
Asfalt, Indre Hope	80 000
Asfalt, Stokkevik feltet	60 000
Asfalt, Sandnes skule	70 000

**Samla kostnad for utført og bestilt aktivitet i 2009:** 2 090 000

**Pensjonskostnader (KLP – 2009 satsar);**

Premie- og tilskotssatsar i prosent av pensjonsgrunnlaget	Fellesordninga	Sjukepleiarordning	Folkevalde
	2009	2009	2009
Årleg forsikringspremie	7,59 %	8,89 %	22,64 %
Termin tillegg	0,15 %	0,18 %	0,44 %
Administrasjonstillegg: - Forsikringsrelatert	0,33 %	0,33 %	0,33 %
Administrasjonstillegg:- Finansrelatert	0,12 %	0,12 %	0,12 %
Administrasjonsreservepremie	0,25 %	0,26 %	0,68 %
<b>Sum premie</b>	<b>8,44 %</b>	<b>9,78 %</b>	<b>24,21 %</b>
Bruttogaranti	0,75 %	0,75 %	0,60 %
Tidligpensjon (85-årsregel og AFP 65-66)	0,80 %	0,65 %	0,00 %
Afp 62-64 (100% utjevning)	1,05 %	0,20 %	0,00 %
Ventepengar	0,00 %	0,00 %	2,00 %
Reguleringspremie	3,80 %	7,20 %	3,70 %
<b>SUM</b>	<b>14,84 %</b>	<b>18,58 %</b>	<b>30,51 %</b>
Trekk arbeidstakar	2,00 %	2,00 %	2,00 %
Netto arbeidsgjevar	12,84 %	16,58 %	28,51 %

Vi har budsjettert med netto 13% i pensjon, og samla sett kjem vi såleis bra ut – men pleie kjem ut med høgare pensjonskostnad enn budsjettert.

## VURDERING

Jf. rapporten/saksvedlegg.

- avvik/mva.komp utleigebustadar Hosteland og Sandnes

jf. side 4 i 2.tertialrapport – avvik med kr. 260.000,- for Hosteland og 1,5 mill.kr. Sandnes. Tilrår at ein gjer om på budsjettvedtak frå overføring frå drift til investering med bakgrunn i mva.komp., til overføring frå drift med bakgrunn i meirinntekter finanspostar og mindre rentekostnad. I og med at store deler av kostnadene med utleigebygg Sandnes kjem i 2010 rekneskapen, skal unytta sum frå 2009 avsettast til fond, og brukast i finansiering i 2010.

Driftsrekneskapen pr. 31.8/2.tertial viser eit til dels svært bra resultat og forholda ligg godt til rette til eit overskot i 2009. Det er i løpet av sommaren laga til ein budsjettkladd for 2010 budsjettet, basert på rammesaka. Budsjettkladden manglar om lag 200.000 på å vere i balanse. Situasjonen etter at vi laga til rammesaka er prega av ei fall i kraftprisen, som spesielt vil få konsekvensar for konsesjonskrafta i 2010. Sal av konsesjonskrafta vil med dagens kraftpris gje ei inntekt på 5-6 mill.kr. og dermed 3-4 mill.kr. mindre enn rammesaka la opp til. Tilrår difor at vi legg opp til ei avsetjing i 2009 rekneskapen til fond, som ein nyttar i 2010 budsjettet som kompensasjon for redusert konsesjonskraftinntekt. Avsetjinga vert finansiert med meirinntekter i 2009 rekneskapen → pkt. 3 i framlegg til vedtak.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at 2.tertialrapport vert teken til orientering.

Spesielle forhold investeringsrekneskapen;

- udekka IKT breiband
- avvik omsorgsbustadar Hosteland
- avvik/mva.komp utleigebustadar Hosteland og Sandnes
- avdrag formidlingslån skal først i investeringsrekneskapen, er bokført i drift pr. 2.tertial
- budsjettkopling overføring frå drift må vere lik sum overført frå drift i investeringsbudsjettet

Spesielle forhold driftsrekneskapen;

- reguleringspremie pensjon kjem i oktober – aukar pensjonskostnaden vesentleg (utgjer 3,8% for fellesordninga i KLP, 3,7% folkevalde (ordførar) og 7,2% sjukepleiar av pensjonsgrunnlaget). Dvs. høvesvis større belastning pleie enn dei andre rammeområda. Skule vert i liten grad påverka av reguleringspremien.
- Nokre sentrale inntektspostar litt høge pr. 2.tertial (som vanleg)
- Meirinntekter på ein del områder og status drift pr. 2.tertial, tilseier at ein kan finansiera endring for utleigebygg Sandnes og Hosteland (investeringsprosjekt) og avsetjing for å dekke fall i kraftprisen og forventa inntekt konsesjonskraft i 2010 med 3 mill.kr. – samla 4.760.000,- gjennom driftsrekneskapen 2009.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 03.11.2009 vert vitna**

Kari Skår Sørheim  
Fung. ordførar

Bjørn Egil Nordland  
Kommunestyremedlem

Leila T. Andvik  
kommunestyremedlem